

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: Utgard Kulturhus, Lom

Dato: 22.06.2020

Tidspunkt: 16:30 - 18

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leiar	VANG
Marit Sletten	Nestleiar	LOM
Kjersti Bjørnstad	Medlem	IFK
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marit Tennø	Ivar Kvalen	LUSTER

Merknader

Sak 25/2020 vart teke ut og behandla som hastesak ved e-postbehandling 16.06.20.

Fast medlem Ivar Kvalen deltok på e-postbehandlinga av denne saka, medan Marit Tennø møtte som vara i sjølve møtet.

Hilmar Høl måtte melde forfall pga. flaumberedskap. Vara kunne ikkje møte på så kort varsel.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Kjersti Bjørnstad (sign.)

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 21/2020	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 22/2020	Referatsaker		
RS	Referat frå møte i villreinnemnda - Vår møte med kvotefastsetting, Sogn og Fjordane		2020/2324
RS	Utvikling av nettsider for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde		2018/615
RS	Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder		2020/5933
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen - Melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2020/5243
RS	Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen		2020/5243
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt og informasjon ved Vettisfossen - Referat frå møte 19.06.2020		2019/12439
ST 23/2020	Delegerte vedtak		
6/2020	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone for filming- Visit Sognefjord		2020/6047
7/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen - Fornya dispensasjon		2019/8866
8/2020	Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av Storebrui over Utlå - DNT Oslo og Omegn		2020/6162
9/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Transport av bruer over Veslåe ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn		2019/13275
10/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til tellleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix		2020/6216
11/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge - utsetting frå 2020 til 2021		2020/3536
12/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 -> - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Lom Tamrein AS		2020/4379

13/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Skuter - Tyin – Eidsbugarden – Olavsbu – Høystakkadn – Valdresflya – Bygdin - Innlandet politidistrikt og Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps	2019/5461
ST 24/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein og Vågå tamrein	2020/3707
ST 25/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Bruk av drone for musikkvideo Allan Walker - Galdhøpiggen - MER RECORDINGS AS v/ Mikkel Gulliksen	2020/6183
ST 26/2020	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - motorbåt - Gjendesheim - Gjendebu - sturviltjakta - Øystein Nicolaisen	2020/6743
ST 27/2020	Eventuelt	

ST 21/2020 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.06.2020

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste godkjent.

Kjersti Bjørnstad vart vald til å underskrive protokollen saman med styreleiar Leif Solemsli.

ST 22/2020 Referatsaker

- | | |
|----|--|
| RS | Referat frå møte i villreinnemnda - Vår møte med kvotefastsetting, Sogn og Fjordane |
| RS | Utvikling av nettsider for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde |
| RS | Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder |
| RS | Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronofilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen - Melding til politiet om brot på verneforskrifta |
| RS | Ulovleg dronofilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen |
| RS | Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt og informasjon ved Vettisfossen - Referat frå møte 19.06.2020 |

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.06.2020

Sak om ulovleg dronofilming vart diskutert.

Styret ser det slik at når ein først har begynt å anmelde så bør ein vera konsekvent. Forvaltarane har fullmakt til å melde saker der ein har god dokumentasjon, men skal i kvart tilfelle konferere med styreleiar.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til orientering

ST 23/2020 Delegerte vedtak

6/2020	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 -Bruk av drone for filming- Visit Sognefjord	2020/6047
7/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen - Fornya dispensasjon	2019/8866
8/2020	Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av Storebrui over Utla - DNT Oslo og Omegn	2020/6162
9/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Transport av bruer over Veslåe ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn	2019/13275
10/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix	2020/6216
11/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge - utsetting frå 2020 til 2021	2020/3536
12/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 -> - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Lom Tamrein AS	2020/4379

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.06.2020

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek delegerte vedtak til orientering.

ST 24/2020 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein og Vågå Tamrein

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.06.2020

Harald Sve Bjørndal opplyste at han har aksjar i Vågå Tamrein AS.
På grunnlag av dette vart han kjent ugild, og deltok ikkje i behandling av saka.
(Forvaltningslova § 6)

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, løyve til oppføring av ei felles gjetarbu sørvest for Gjendetunga for Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS. Nasjonalparkstyret ser at det har oppstått eit særleg behov for å styrke arbeidet med tilsyn i området for å førebygge spreiding av CWD mellom ulike reinbestandar.

Vilkår for løyvet:

1. Detaljert plassering av gjetarbua blir avgjort ved synfaring, der ein av forvaltarane kan representere nasjonalparkstyret. Leiaren av nasjonalparkstyret og styremedlem frå Lom blir invitert til synfaringa, og vurderer sjølve om dei har høve til å delta.
2. Arealet på gjetarhytta er avgrensa til 15 m². I tillegg kan det byggast utedo inntil 2 m².
3. Gjetarhytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Hytta skal ha saltak med takvinkel 22-30°. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Takmateriale kan vera torv, skifer, tre eller takplater med mørk og matt overflate. Byggeteikning skal sendast nasjonalparkstyret og godkjennast av forvaltar, samtidig med at byggesøknad blir sendt til kommunen.
4. Tamreinlaga er ansvarlege for vedlikehald og drift av gjeterhytta. Dersom drifta blir avvika eller lagt om slik at det ikkje lenger er behov for bua, skal laga demontere og fjerne alle spor av hytta – jf. vilkår i standardskjema for utvisingsforretning for gjetarbu frå Statskog.
5. Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).
6. Etter bygging skal alle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Frådeling og bygging krev også løyve frå Lom kommune som myndigheit etter plan- og bygningslova.

Det må søkjast om dispensasjon for motorisert transport i samband med byggeprosessen. Tarnsportplan som viser planlagt gjennomføring skal leggjast fram for nasjonalparkstyret og kommunen i god tid.

ST 25/2020 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Bruk av drone for musikkvideo Allan Walker - Galdhøpiggen - MER RECORDINGS AS v/ Mikkel Gulliksen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 16.06.2020 (Hastesak ved e-postbehandling)

Styreleder har hatt telefonkontakt med søker 15.06.20, og har diskutert saka med nestleder Marit Sletten og styremedlem Ivar Kvalen, som har lang fartstid i nasjonalparkstyret. Leder og nestleder har kommet fram til at en hastebehandling ved e-post i denne saka er relevant, ut ifra tiltakets karakter med stor internasjonal markedsføringsverdi. Det vises til mail av 15.06.20 fra Visit Jotunheimen v/ Mari Arnøygard Wedum som bekrefter den store markedsføringsverdien en slik produksjon kan ha for reiselivet i og rundt Jotunheimen. Innhold i dette dokumentet er referert i oppdatert saksdokument som ble sendt ut i forbindelse med hastebehandlingen.

På bakgrunn av ny dialog med partene ved e-post og telefoner 15. juni, satte styreleder Leif Solemsli fram følgende forslag til vedtak:

Nasjonalparkstyret ser den store internasjonale markedsverdien av en musikkvideo for Alan Walker som viser Galdhøpiggen og Jotunheimen på en spektakulær måte. Under forutsetning av at Visit Norway ved de lokale reiselivsselskapene (Visit Jotunheimen, Nasjonalparkriket, Visit Valdres, Visit Sogneford) får tilgang til å kunne bruke video- og fotomaterialet i sine kanaler for markedsføring av området, gir nasjonalparkstyret med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48 tillatelse til bruk av drone på Galdhøpiggen 17. juni 2020, i tråd med søknad. Det er positivt at opplegget gjennomføres på en miljøvennlig måte, uten bruk av motoriserte hjelpemiddel ut over dronen som brukes til filming. Tiltaket i seg selv vil ikke være i konflikt med verneverdier eller verneformål, og filming skjer i et robust område av parken som tåler markedsføring for reiselivet.

Behandling skjedde ved e-postbehandling. Alle de 7 faste medlemmene svarte ved e-post den 16. juni. 6 av medlemmene slutta seg til forslaget fra Solemsli, mens 1 stemte for innstillinga fra nasjonalparkforvalter.

Vedtak

Nasjonalparkstyret ser den store internasjonale markedsverdien av en musikkvideo for Alan Walker som viser Galdhøpiggen og Jotunheimen på en spektakulær måte. Under forutsetning av at Visit Norway ved de lokale reiselivsselskapene (Visit Jotunheimen, Nasjonalparkriket, Visit Valdres, Visit Sogneford) får tilgang til å kunne bruke video- og fotomaterialet i sine kanaler for markedsføring av området, gir nasjonalparkstyret med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48 tillatelse til bruk av drone på Galdhøpiggen 17. juni 2020, i tråd med søknad. Det er positivt at opplegget gjennomføres på en miljøvennlig måte, uten bruk av motoriserte hjelpemiddel ut over dronen som brukes til filming. Tiltaket i seg selv vil ikke være i konflikt med verneverdier eller verneformål, og filming skjer i et robust område av parken som tåler markedsføring for reiselivet.

**ST 26/2020 Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel
- 2020 - motorbåt - Gjendesheim - Gjendebu -
storviltjakta - Øystein Nicolaisen**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og
Utladalen - 22.06.2020**

Vedtak

Nasjonalparkstyret viser til verneforskriftas § 3 pkt. 6.2.g) som opnar for bruk av båt inntil 10 hk på Gjende i samband med utøving av storviltjakt.

Verneforskrifta vart endra 14.11.14, etter ein omfattande høyringsprosess, og det vil skape uheldig presedens og utholing av verneforskrifta dersom ein først startar å gje dispensasjonar frå denne regelen.

Søknad om bruk av større motor blir avslått.

ST 27/2020 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.06.2020

Vedtak

Saker som vart gjennomgått for orientering og diskusjon under *Eventuelt*:

1) Utsiktspunkt ved Vettisfossen i Utladalen LVO

Det er sett av tiltaksmidler til forprosjekt i år, på bakgrunn av det ein vart einige om etter synfaring med nasjonalparkstyret og representant for grunneigar 21. juni 2019. Nasjonalparkforvaltarane har gjennomført møte med partane 19. juni 2020. For vidare oppfølging viser ein til referat frå dette møtet – jf. ref.sak 2019/12439 i sak 22/2020.

2) Rasfare langs stigen mot nedre del av Vettisfossen

Spørsmålet vart teke opp på møte med kommunen, grunneigar, Årdal Utvikling og Utladalen Naturhus 19. juni. Nasjonalparkstyret ynskjer å diskutere dette med Årdal kommune ved neste styremøte/synfaring i Årdal. Ein viser elles til referat frå møtet.

3) Behov for styrka oppsyn sommaren 2020

Nasjonalparkstyret varsla behov for styrka oppsyn som følgje av signal om at det kan bli fleire folk i fjellet, samtidig som det er redusert kapasitet på turisthyttene. Brev til Miljødirektoratet – styresak 19/2020. Miljødirektoratet har i svarbrev 22.06.20 meldt at omdisponering av oppsynsressursar er aktuelt. Rigmor Solem orienterte om at SNO-Jotunheimen får styrka oppsyn i sommar, ved at Øyvind Angard, Per Olav Haugen og Rein Arne Golf blir med noko i Jotunheimen i sommarsesongen.

4) Ny nettside for Jotunheimen og Utladalen

Nettside retta mot publikum er under arbeid.